



Miljøløftet

NOTAT

Til: Styringsgruppa i Miljøløftet
Fra: Vestland fylkeskommune
Kopi:

Vedlegg 3

Saksbehandler/telefon:
Torill Klinker / 90899261
Vår dato: 20.10.2022

Sak 62/22

Skyss legg opp til auka bruk av belønningsmidlar på fond

Bakgrunn

Denne saka er ei oppfylgjing av tertialrapporten (T1 2022) og av diskusjonen i styringsgruppa den 24.06.22. I tertialrapporten heiter det mellom anna at: *Det er nødvendig å få en oppdatert prognose frå Skyss for bruken av belønningsmidler til drift kollektiv i hele byvekstavgiftperioden, ettersom fondet er stort og øker i 2022.* I referatet frå møtet heiter det mellom anna at: *Vestland fylkeskommune ønsker en hensiktsmessig økning når det gjelder fondsmidler knyttet til drift av kollektivtiltak. De vil komme tilbake til høsten med flere detaljer.*

Denne saka presenterer Skyss sin ambisjon i høve til bruken av to ulike post 66-tilskotsmidlar som i dag står på fond;

- *Post 66 regjeringens bompenggeavtale til reduserte billettpriser til kollektivtrafikk*
- *Post 66 tilskuddsmidler til drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss).*

Om bruken av Post 66 regjeringens bompenggeavtale til reduserte billettpriser til kollektivtrafikk.

Billett-takstar for buss og bane er ein del av budsjettvedtaket til fylkestinget i Vestland fylke. I politisk sak 137/2020, budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024, var vedtaket at midlar frå bompenggeavtalen skal nyttas til fast årleg reduksjon av periodebillett for reisande i avtaleperioden. Effekten av dette vart til dømes at ein periodebillett for vaksen 30-dagar blei redusert med 85 kroner frå 820 kroner til 735 kroner per måned.

Reduserte billettprisar vart iverksett i 2021. Staten utbetalte tilskot også i 2020, desse er på fond og utgjør 52 mill. I høve bruken av dei 52 mill. på fond, er Skyss sitt forslag at desse midlane vert fordelt over attverande avtaleperiode. Taksteffekt (reduksjon) for ein periodebillett for vaksen 30-dagar er på om lag 10 kroner ved årleg bruk av midlar på fond. Forslaget er allereie teke høgde for i budsjettforslaget for 2023.

Tabellen under viser Skyss sitt forslag til bruk av midlane på fond (tal i mill. kr):

Plan	I 22 kr->											Sum
	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	
Tildelt	0	50	52	53	53	53	53	53	53	53	53	526
Reduksjon pris periodebillett	0	0	50	52	61	61	61	61	61	61	61	526
Gjenstående midler per år	0	50	2	2	-8	-8	-8	-8	-8	-8	-8	0
Fond	0	50	52	53	46	38	30	23	15	8	0	0

Om bruken av Post 66 tilskuddsmidler til drift av kollektivtrafikk i Bergen

Bruken av disse midlane er i hovudsak prioritert for finansiering av større tiltak for styrking av kollektivtransporten i avtaleområdet. Til grunn for tiltaka ligg tilrådingar i mobilitetsplanar om utvikling av tilbodet i geografisk definerte område. Slike planar er handsama politisk i fylkeskommunen, og blir utarbeidd i samråd med kommunane/med høyring hos kommunane. Bruken av midlane har også vore handsama i styringsgruppa i sak 35/20 med fylgjande vedtak: *Styringsgruppen slutter seg til prinsippene i saken om bruk av belønningssidlene. Vestland fylkeskommune kommer tilbake til styringsgruppen høsten 2020 med en sak som beskriver mer detaljert hvordan disse prinsippene skal følges opp, bl.a. dialogene med de andre partene i avtalen. Saka vart følgt opp i sak 66/20 Oppfølging regjeringens bompengavtale – lavere kollektivtakster.*

Det vert i tillegg nytta belønningssidlar til å gjennomføre mindre tiltak, knytt til årleg ruteendingsprosess for kollektivtrafikken (jf. FUV, PS-188/2020 «Orientering om årleg ruteendingsprosess og rammer for bruk av belønningssidlar i byvekstavtaleområdet»). Det vert også nytta noko midlar til investering i energiinfrastruktur for elektrifisering av kollektivtransporten (nullutsleppsløysingar).

Mobilitetsplanar er strategiske dokument. Frå politisk vedtak reknar vi minimum eitt år, og som oftast noko lenger tid, før tiltak er detaljert, eventuelt nytt transportmateriell er på plass og ruteinformasjon ligg klart innan gitte fristar. Planane har ein 2-10 års horisont og tiltak kan iverksettast på ulike tidspunkt i perioden, mellom anna grunna infrastrukturbehov eller -endringar.

Tabellen (tal i mill. kr.) under viser Skyss sine iverksette og planlagde større tiltak i avtaleperioden. Mobilitetsplan vest vil etter planen bli lagt fram for politisk handsaming i første kvartal 2023. Finansieringsbehov og tidspunkt for iverksetting er førebelse estimat.

Plan	I 22 kr->											Sum
	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	
Drift:												
Iverksette tiltak (inngang byvekstavtalen *)	200	200	200	206	206	206	206	206	206	206	206	2 247
Omlægging linjennett Bergen v21 (FUV PS 188/2020)	0	0	26	47	47	47	47	47	47	47	47	402
Årleg ruteendring i byvekstavtaleområdet (FUV PS 188/2020)	0	0	0	5	5	5	5	5	5	5	5	41
Nytt tiltak "Betre busstilbod Bergen sentrum" (jf. SAMO PS 80/2021)	0	0	0	1	3	3	3	3	3	3	3	22
Regionstamlinje sørkorridoren (Trafikkplan Bergen sør og Bjørnafjorden, FUV, PS 107/2021)	0	0	0	3	7	7	7	7	7	7	7	52
Ny bybåtkontrakt Bergen-Askøy/Nordhordland (FUV PS 66/2022)	0	0	0	0	0	0	20	20	20	20	20	100
Mobilitetsplan Vest	0	0	0	0	0	4	8	16	16	16	16	76
Styrking av kollektivtilbod – oppfølging av mobilitetsplanar for Bergensområdet	0	0	0	0	15	25	30	35	45	50	50	250
Sum drift	200	200	226	262	283	297	326	339	349	354	354	3 190
Investering:												
Investering Mannsverk EL-installasjon	0	0	0	10	0	0	0	0	0	0	0	10
Ny bybåtkontrakt Bergen. Nettoppgradering kai, eingongskostnad	0	0	0	0	0	20	0	0	0	0	0	20
Sum investering	0	0	0	10	0	20	0	0	0	0	0	30
Totalt	200	200	226	272	283	317	326	339	349	354	354	3 220
Tildelt	270	280	289	298	298	298	298	298	298	298	298	3 220
Gjenstående midler per år	70	80	62	26	15	-19	-28	-41	-51	-56	-56	0
Fond	70	150	212	239	253	234	205	164	113	56	0	0

*Desse midlane er ei vidareføring av den tidlegare ordninga med belønningssmidlar, før byveksttaltalene vart innført. Midlane inngår i dei årlege budsjetta til Skyss og vert nytta på tiltak som er utforma i dei politisk vedtekne trafikkplanane og mobilitetsplanane.

Forslag til vedtak

Styringsgruppa sluttar seg til Skyss sitt framlegg til bruk av belønningssmidlar for resten av avtaleperioden.